

Til Fylkesdirektøren for Samferdsel og fylkestinget

På vegne av svært mange, vil me be om at Kvednaneset vert fjerna som alternativ til nytt ferjeleie i moglegheitsstudien som fylkeskommunen har bestilt.

Den første gong forslaget om å byggja ferjeleie ved Kvednaneset var i 2003.

Det vart sterke reaksjonar på forslaget, og det var stort oppmøte på det første protestmøtet. Mange lesarinnlegg, protestmøter og brev til kommunen er blitt sendt sidan og heilt fram til i dag.

Kvednaneset er eit unikt strandområde med flotte svaberg, det er ikkje mange slike plassar på Stord. Det ligg i eit landbruksområde som landbruksplanen for Stord definerer som svært verdifullt.

I 2008 vart det laga ei konsekvensutgreiing for lokalisering av ferjeleie på Stord.

Der vart det konkludert med at Kvednaneset var det beste alternativet for ferjeleie. Me meiner at omsynet til natur,friluftsliv og landbruk ikkje er kome godt nok fram i den analysen. Landbruksavdelingen i fylkeskommunen snakka aldri med bøndene som vart råka av den lange tilkomstvegen med toplankryss. Omsynet til natur,friluftsliv og landbruk er ikkje lokale særinteresser!

Saka om ferjeleie var oppe i kommunestyret på Stord i juni 2009.

Der vart det vedteke at Sævarhagsvikjo, Jektevik og Kvednaneset ikkje er aktuelle som lokalisering av nytt ferjeleie, som innebar at Skjersholmane og området nord for Djupavikjo vart vurdert som framtidig ferjeleie på Stord-sida.Vidare ba dei om tilleggsutgreiingar for Djupavikjo.

Det viste seg at Djupavikjo vart for dyrt, dermed stod dei igjen med Skjersholmane.

4. desember 2013 var saka på nytt oppe i formannskapet, då var plutselig Kvednaneset inne igjen.

På 5-6 dagar før kommunestyremøtet fekk me samla inn 1420 underskrifter mot ferjeleie ved Kvednaneset. Det var stort engasjement og mange tok kontakt etter at me hadde avslutta underskriftskampanjen. Hadde me hatt meir tid på oss så ville nok lista blitt mykje lengre.

20. desember 2013 var saka igjen oppe i kommunestyret. Det var framleis ikkje fleirtal for å velgja Kvednaneset og Høgre fekk gjort om vedtaket slik at endeleg vedtak vart utsett på ny.

Dei siste månadane har alle partia unntatt Høgre gått ut i avisa og støtta Kvednaneset som friområde og vore tydelige på at dei ikkje ynskjer at det skal byggjast ferjeleie. Så det er ingen tvil om at folket og fleirtalet i Stord kommunestyre ikkje ynskjer nytt ferjeleie. Dersom det vert ei brukryssing av Langenuen i sør så er det gode moglegheitar for Kvinnheradsambandet å få korta ned tida ved å bruka Hodnanes-Sunde. Det må òg jobbast for å få betre og raskare ferjer.

Dette må fylkeskommunen ta omsyn til! Me krev at Kvednaneset vert fjerna heilt frå moglegheitsstudien. Om ikkje det skjer så vil me be politikarane i fylkestinget om å gjere det!

Me legg ved eit bilete frå Kvednaneset

Aksjonsgruppa «Nei til ferjeleie ved Kvednaneset»

v/ Birger Sætrevik, John Magne Haugland og Torunn Eikeland